

Kraftskulen > Energieffektivisering

Noreg er i verdstoppen når det gjeld straumforbruk. Til dømes bruker nordmenn dobbelt så mykje straum som svenskar. I tillegg bruker vi meir straum enn vi klarer å produsere sjølve. Derfor er det eit uttalt politisk mål at vi i Noreg må redusere straumforbruket vårt. Eit viktig stikkord er energieffektivisering. På kva måtar kan straumforbruket reduserast i offentlege bygningar, industri, private hus og leilegheiter?

Oppgåver før du ser filmen

Lag ei liste over kva måtar ein kan spare straum på.

Oppgåver til filmen

1. Kva meiner ein med uttrykket «å fyre for kråkene»?
2. Kor mykje av straumforbruket til eit vanleg hushald i Noreg vert brukt til oppvarming?
3. Det vert sagt i filmen at «vi nordmenn bruker dobbelt så mykje straum per innbyggjar som svenskane». Kva kan årsakene til dette vere?
4. Kvifor må Noreg i periodar importere straum frå utlandet?
5. Kva er hovudforskjellane på nye og gamle hus når det gjeld ventilasjon?
6. I filmen kjøper eit ungt par eit eldre hus. Nemn minst to tiltak paret gjennomfører for å betre isolasjonen i huset sitt.
7. Kvifor fungerer mineralull isolerande? Bruk gjerne ei teikning for å illustrere forklaringa.
8. Kva meiner ein med «naturleg ventilasjon»? Gje gjerne fleire døme.

Fordjupingsoppgåver

1. Korleis skjer oppvarming i nye hus med såkalla balanserte ventilasjonssystem? Teikn gjerne ei skisse.
2. Kvifor verkar trelagsvindaugo isolerande? Teikn gjerne ei skisse.
3. Nemn minst tre tiltak for å redusere behovet for oppvarming i ein vanleg bustad.
4. Vis med ei skisse korleis ein varmevekslar verkar.
5. Bruk nettstaden <http://heime.enova.no/sitepageview.aspx?sitePageID=1428> og beskriv kva vi meiner med:

1. nullhus
2. plusshus
3. passivhus